

## **EIN DIGITAL SKULEKVARDAG – SPØRSMÅL OG SVAR**

### **Eigenandel ved skade/tjuveri**

iPaden er skulen sin eigedom som elevane disponerer den tida dei er elevar ved skulen. Erstatningsansvar for utstyret til skulen er skildra i ordensreglementet. Kort forklart betyr det at føresette er erstatningspliktige for inntil 5000 kr for skade på skulen sin eigedom. Andre kommunar og skular som har tatt i bruk iPad 1:1, rapporterer om svært få tilfelle der iPaden blir øydelagt. Dersom det skulle skje eit uhell, vil me ta ein individuell vurdering i forhold til kva som faktisk har skjedd. Eit erstatningsansvar vil berre tre i kraft dersom det dreier seg om uforsvarleg bruk, eller det er ei medviten handling.

---

### **Det kan vere at ein knuser skjermen, ynskjer skulen å reparere dette eller må ein gjere det på eige hand?**

Skulen tek hand om det. Ta kontakt med skuleadministrasjonen ved eit slikt uhell.

---

### **Korleis får elevane brukarstøtte?**

Eleven tek kontakt med skulens IT-ansvarlig via kontoret på skulen. Er eleven fortsatt usikker, snakk med læraren. IT-ansvarleg gir hjelp eller innhentar hjelp utanfrå.

---

### **Vil elevane få tilstrekkeleg opplæring av appane, slik at det vil bli effektivt i undervisninga?**

Ja, kommunen har kjøpt ein opplæringsteneste av RIKT AS. Det gir både elevar og lærarar opplæring i appane og korleis det kan nyttast i opplæringa i ulike fag.

---

### **Korleis skal elevane sitt arbeid på iPaden lagrast?**

Det vil bli lagt opp en sikker personleg lagring for alle elevar, anten gjennom Showbie eller OneDrive frå Microsoft. Dette vil gje elevane «uavgrensa» lagringsplass. Dette lagringsområdet vil i hovudsak være berre for personleg lagring, ikkje for deling eller samskriving.

---

## **Korleis skal deling skje?**

Deling vil være mogleg via AirDrop, OneDrive og Showbie. Med AirDrop kan du dele mellom anna bilete, video og nettstader trådlause med iPadar som er i nærlieken. Appen Showbie vil også verte brukt til innlevering av arbeid og lærarane vil kunne gje melding tilbake til eleven på arbeidet eleven har gjort.

---

## **Korleis skal appar distribuerast til iPadane til elevane?**

All innstallering av appar og oppdateringar på iPadane vil skje gjennom eit styringssystem som iPadane er knytta til. Nye appar blir ofte distribuert etter undervisningstid for elevane, slik at me ikkje skal oppleve avgrensa nettverkskapasitet i skuletida. Det er derfor viktig at iPadane til elevane er kopla til et nettverk når dei er heime. Styringssystemet gir tilgang til å sjå kva som er installert på den enkelte iPad. Innhold i dei ulike appane og biletene vil kommunen ikkje ha tilgang til.

---

## **Kva med stråling?**

Kommune baserer seg på [Statens strålevern](#) sine anbefalingar.

---

## **Skal elevane bruke eksternt tastatur?**

Elevar frå 3.- 10.trinn vil få eit deksel på iPaden med eige tastatur. Elevane i 1.- og 2.trinn vil få eit deksel utan tastatur.

---

## **Kan eleven bruke eigne høyretelefonar?**

Me anbefaler at elevane brukar eigne hovudtelefonar. Elevar som ikkje har eigne hovudtelefonar får låne frå skulen i skuletida. Skulens hovudtelefonar vil være enkle, og ikkje nødvendigvis tilpassa elevens ynskjer.

## **Skal ein merke iPaden med namn?**

Det kan være lurt å setje på eit personleg kjenneteikn på dekselet, eit klistermerke, ein namnelapp eller liknande.

---

## **Vil det være mogleg å skrive lengre tekstar på pc for dei som opplever at det gir betre ergonomi?**

Elevar på 10. trinn kan om ynskjeleg få gjennomføre eksamen på PC. Ut over det, vil me prøve oss fram i forhold iPad/PC ved lengre skrivarbeid. Noko av styrken ved overgangen til iPad, er at elevane slepp å sende/dele dokumenter til seg sjølve for å kunne bruke dei på skulen (som mellom anna kan føre til tap og konfliktar mellom dei ulike versjonane av filer).

---

## **Skal iPaden leverast attende til skulen etter 7.kl/10.kl? Kva med feriar?**

Elevane får låne iPaden dei åra dei går på skulen, og den skal leverast tilbake når eleven sluttar ved skulen. Vanleg prosedyre vil være at elevane får ta med seg iPaden heim i feriar. Skulen har likevel rett til å ta inn iPaden i dei store feriane dersom det skal gjerast store oppdateringar osv.

---

## **Vil nettbruken av elevanes iPadar overvåkast?**

Nei, me har eit avgrensa oversyn. Nettlesaren 'Safari' har eit innebygd filter med omsyn til søk på Internett. Dette filteret er på. Gjennom administrasjonsrettane kan skulen sjå elevane sin brukarstatistikk, kva for ein iPad som er registrert på den enkelte elev, og kva for appar som er installert på dei einskilde iPadane. Me har ikkje tilgang til elevane sitt innhald i appane, men me kan be om innsyn dersom elevane treng hjelp til å finne att filer eller liknande, eller dersom det er mistanke om ulovleg innhald. Me kan avgrense kva for nokre funksjonar elevar skal ha tilgang til, men me ser ikkje kva dei faktisk gjer.

---

## **Har elevane backup til skytenesten slik at dei kan ta vare på oppgåver/innhald når dei sluttar på skulen?**

Elevane har tilgang til ulike lagringsalternativ t.d. OneDrive eller Showbie Tenesta OneDrive er knytta direkte til eleven sin Feidebrukar. Denne tenesta vil ikkje være tilgjengelig etter at eleven sluttar. Eleven må sjølv ta backup av det som lagrast her før eleven går ut av Bokn skule. I Showbie opprett eleven sjølv brukarnamn og passord. Eleven vil her ha tilgang til sine fag som er oppretta av lærarane fram til lærarane arkiverer faga. Dette skjer normalt ved slutten av skuleåret. Elevar som sluttar vil såleis ikkje få tilgjenge til innhald og informasjon direkte i Showbie. Eleven må sjølv ta backup av innhald i Showbie som han/ho ynskjer å ta vare på dette. Dette vert på same måte som arbeider elevane i dag lagrar på skulen sin server, OneDrive.

---

## **Kan elevane sine appar på skuleipaden òg lastas ned på ein privat iPad?**

Skulen betaler for kvart eksemplar av appane gjennom eit volumlisensieringsprogram, og det er sjølve iPaden (ikkje eleven) som er registrert i systemet. VPP fungerer ved at skulen administrerer eit visst tall lisensar av kvar app. Desse kan trekkjast attende frå den enkelte og brukast på ny av andre. Det gir oss høve til dømes å kjøpe klassesett av appar, som ein klasse disponerer i ein periode og som så kan trekkjast attende og distribuerast til ein annan klasse.

Men alle appar som elevane har tilgjenge til, kan kjøpast til privat bruk i App-Store.

---

## **Korleis sjekker/hindrar skulen nedlasting av 18-års filmar og spel?**

Når elevane er logga på skulen sitt nettverk, fungerer den vanlege brannmuren og innhaldskontrollen. Brannmurar og filtre på dei forskjellige heimenettverka har skulen ingen kontroll over, men filteret i nettlesaren, Safari, vil alltid vere på. Bokn kommune har heller ikkje høve til å skanne kvar enkelt eining før/når den er pålogga skulenettverket, og ynskjer det heller ikkje. Synlege brot på sikkerheten vil bli handtert etter vanleg prosedyre. Skulen har rett til å slette og reinstallere innhald på eininga. Me har høgt fokus på å gje elevane digital danning gjennom haldningsskapande arbeid og opplæring i nettvett.

---

## **Korleis tenkjer skulen å vidareutvikle handskrifta til elevane? Gir det nok skrivefaring til å kunne skrive eksamenar vidare med hand slik det stadig er ved ulike universitet?**

iPaden vil ikkje erstatte handskrift fullt og heilt, og elevane skal framleis arbeide med oppgåver som krev at dei skriv for hand. Dette er òg felt ned som kompetanse mål i læreplanen. Kva som vil skje med tanke på eksamenar i framtida veit me ikkje, men det er jo grunn til å tru at dei òg vil endre form og i auka grad være med bruk av digitale verktøy.

---

## **Vil hjelpeprogram som Lingdys og Lingright være mogleg å få på iPad?**

Lingdys og Lingright er mogleg å få på iPad. Appen IntoWords er òg ein enkel skrivestøttande app som alle elevar har tilgang til gjennom Feide-pålogging. Språkinnstillingar og lesestøtte fungerer svært godt på iPad

---

## **Korleis unngår skulen for mye skjermtid?**

På skulen vil det som før vere variert aktivitet. Elevane vil ikkje bli sitjande statisk føre ein iPad slik vaksne med «kontorjobb» ofte gjer. På heimebane må føresette lage sine eigne «kjøreregler» for kor, når og korleis iPaden kan brukast til anna enn leksearbeid. Kjørereglane må tilpassast den enkelte ut frå alder og personlegdom. Eksempel på slike

reglar kan være at iPaden ikkje skal være på rommet til barnet etter leggjetid, eller kanskje ikkje i det heile teke, men at bruken av iPad skal skje i fellesrommet til familien. Det er berre tillate å gå til nettstader som har med skullearbeidet å gjere. Det gjeld både når ein er på skulen og heime. iPaden bør ha ein fast plass for lading kva dag slik at eleven slepp å leite etter den i ei hektisk morgonstund. Diskuter gjerne bruksreglar med andre føresette.

---

### **Korleis vil skulen handtere brot på reglane for bruk av iPad?**

Dersom skulen får melding om brot på reglane, til dømes ved at elevar tar krenkande bilete av andre, vil denne saka verte handsama på same måte som anna krenkande åtferd. Skulen vil hjelpe til med å syte for at bileta vert sletta.

---

### **Kvifor er skulen så strenge med passord og kode til iPad?**

iPaden skal vere det personlege læreverktøyet til eleven. Den skal ikkje lånast ut til andre, dette gjeld òg føresette og sysken. Elevane har skullearbeid sitt der, og føresette sin Facebook eller sysken sine spel skal ikkje ligge på iPaden til eleven. Eit av elementa i digital danning, er at elevane skal lære seg å verne om eigen identitet. I det ligg òg ei bevisstgjering om at passord er personleg. Erfaring viser at sjølv dei yngste elevane klarer å hugse sitt eige passord og kode.